



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjebø sokneråd

Dalevegen 4
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100

Møteprotokoll for Kyrkjebø sokneråd:

Møtedato: 21.10.21.
Møtetid: kl. 19.00.
Møtestad: Kyrkjebø kyrkje.

Til stades:

Sturla Bell Fossen, Irene Aase Aarseth, Kari Henny Dale, Aud Kjersti Haugen, Andreas Ester.
Meldt forfall : Ellinor Henjesand Austreim. Møtte ikkje : Anna Sofia Høvik.

Kopi av møteboka går til:

Knut Magne Nesse, Petter Sortland, Kjellaug Ekse Brekklus, Toril Lange, Gerda Otterstein,
Katarina Vattekar, Toril Lange, postmottak Høyanger kommune.

Sakliste:

Godkjenning av innkalling, sakliste og referat frå møtet 16.09.21.

Innkalling, sakliste og referat frå 16.09 vart godkjent utan merknader.

Sidan sist.

Gudsteneste i Kyrkjebø kyrkje 19.09, to konfirmantar var tildelte oppgåver.
Kaffigudsteneste i Vadheim 06.10, lite oppmøte - fire konfirmantar møtte.
Kort orientering frå fellerådsmøte 08.10.
4 og 6 årssamling i kyrkja 21.10, kun 6-åringane møtte til samling.

Postlista

Leiar i soknerådet gjekk gjennom postlista med soknerådsmedlemene.

Soknepresten har ordet

Soknepresten minna om teksten for kommande søndag.

Årshjulet.

Soknerådet gjekk gjennom planlagde aktivitetar, møter og gudstenester.
4.11 felles soknerådsmøte på Alværa, «Ny kyrkjeleg organisering» v/Geir Sørebo.
8.12 håpar at ein kan få til «Julespel» ved Gladgudstenesta.
Julespelet er no under innøving ved kantor og skal framførast i Høyanger kyrkje før jul.

Meldingssaker:

210019: Helgestunder nr 4/2021.

Gjennomgang av referat frå redaksjonsmøte 5. oktober.
Tredje utgave av Helgestunder framstår i fornya drakt. Soknerådet ynskjer ei tydelegare geografisk oppdeling av stoffet «På kyrkjebakken». Dette vert meldt vidare til redaksjonskomitèen.
Toril redigerer stoffet til Julenummeret som må vere i postkassane til 15 desember.
Nytt redaksjonsmøte 20. januar 2022.

210020: Kyrkjelydshuset – markering av gåva til Kyrkjebø kyrkje.

Stiftinga er avvikla.

Overrekking av pengegåva vert markert på minnegudstenesta 07.11.

Soknerådsleiar representerer soknet.

210021: Spørjeundersøking om kyrkjelydslivet – «Lavik-prosjektet».

Drøfting om føremål, gjennomføring og resultat av «Lavik – prosjektet».

Som resultat av undersøkinga har Lavik starta opp nytt samtale tilbod til personer i 40-60 åra.

Målet med spørjeundersøkinga er å skape meir engasjemang og betre kontakt med publikum.

For å tilrettelegge for høg deltaking må undersøkinga kunne gjennomførast både digitalt og i papirformat.

Soknerådet er positiv til å gjennomføre undersøkinga på nyåret.

Kva form den skal ha og tidspunkt for gjennomføring vert utsett til neste soknerådsmøte 18.11.

210022: Kantor orienterer om sine oppgåver, utfordringar og planar i vårt sokn.

Den lokale planen for kyrkjemusikk – «*Ei kulturåpen kyrkje 2018 -2021*» er til evaluering.

Ny plan vert lagt fram for vedtak tidleg på nyåret.

Dette vert ein samla kyrkjemusikk plan for heile kommunen.

Eit av hovudmåla er at:

«kyrkjemusikken skal fremje musikalsk mangfald og variasjon, samtidig som dei kyrkjemusikalske tradisjonane vert levandegjorde og fornya».

«Kyrkja si konsertverksemd skal appellere til eit breitt publikum og auke bredde og variasjon i den kyrkjemusikalske profilen».

«Det skal leggast til rette for at kyrkjelyden sine eigne song- og musikkressursar får utfalde seg i kyrkjelyden sine gudstenester»

Nytt i vårt sokn:

Korskule for born i 2.-7. klasse, 5 - 6 ungar øver kvar veke i kyrkja.

Forsongargruppe for å styrke salmesongen på gudstenestene er etablert.

Det er forslag til konsertar i kyrkjelyden sin regi:

Folkemusikk gudsteneste (1. halvår 2022 ?)

Jazzgudsteneste

Aftenstemning - orgelkonsert

Salmekveldar

Skulegudsteneste

Påskenaattsmesse

For Kyrkjebø sokneråd

Kari Dale